

Informasjon om VIP-prosjektet til alle kontaktlærarane på vg1-nivå.

Prosjektet blir kalla **VIP** – *veiledning og informasjon om psykiske problem og lidingar hos ungdom* – og blei starta opp som eit førebyggjande tiltak i Akershus fylke med støtte av helse- og sosialdepartementet. Prosjektet har sidan spreidd seg til stadig fleire fylke, inkl. Møre og Romsdal. Tilbodet rettar seg mot grunnkurselevar, og vi vil gjennomføre opplegget med alle grunnkursklassane våre.

Utdrag frå info-sida til VIP-prosjektet (www.vipweb.no)

"Vi vet at mange unge har psykiske problem eller lidelser. Vi vet også at mange ikke søker hjelp for problemene sine. Årsakene til dette kan være flere. For det første er "psykiske lidelser" ofte tabubelagt. Det er ikke noe man snakker om. Mange går derfor rundt med større eller mindre problemer som de ikke tør dele med andre. Denne holdningen forsterker sannsynligvis problemene. Den andre mulige forklaringen er at de unge selv ikke vet at de har psykiske problemer. De vet så lite om problemet at de rett og slett ikke er klar over hva som plager dem. Nettverket rundt de unge kjenner kanskje heller ikke symptomene på psykiske lidelser."

"Elevene har ulike holdninger til psykiske lidelser, men ofte blir det sett på som noe mystisk og skremmende. De vet ikke hvor alminnelig det er å slite med psykiske problemer, de kan feiltolke situasjoner og de kjenner ikke igjen symptomer verken hos seg selv eller medelever.

Det er denne "uvitenheten" vi ønsker å gjøre noe med."

Sidan helsesøster og PPT tok initiativet til å gjennomføre prosjektet ved HVS skuleåret 2004/2005, har vi gjennomført dette årleg, med små justeringar tilpassa dei tilbakemeldingane vi får frå elevar og lærarar. Ressurspersonane vil alltid stå som fagleg ansvarleg for gjennomføringa, medan kontaktlærarane for dei aktuelle klassane får i oppgåve å organisere og styre arbeidsøktene i prosjektet. Skulen har sett av delar av veke 9 og 10 til prosjektet.

PROGRAM

Måndag 15.02. Informasjon til alle kontaktlærarane

(KI. 14:40 – 16:30)

Psykolog Ragnhild E. Marken og helsesyster Ellen Åslid Gaustad vil bruke denne økta til informasjon om stress, angst og depresjon hos ungdom, samt ta føre seg gjennomføringa av VIP-prosjektet i år.

Måndag 01.03. Kontaktlærarane tar opp tema "Psykisk helse" i basismøtetida, 5.t.

(Sjølve prosjektdagen vert måndag føremiddag den 08.03. I tillegg blir det utlagt ein dobbelttime per klasse i veke 10, der klassen får møte fagpersonar og samtale om ulike tema som klassen har valgt å ta opp).

Fredag 05.03. Kultursekken presenterar filmen "Kjærleikens val"

Måndag 08.03. Gjennomføring av VIP på vg1-nivå

(KI. 08:50 – 12:05)

KI 0850 Auditoriet – Presentasjon av prosjektet og fagpersonar. Film.

KI 1125 Samtale i basisgruppa og oppgåveløysing

KI 1205 Vi avslutter økta, og elevane går til ordinær undervisning frå kl 1210 og ut dagen

Onsdag 10.03. Kultursekken presenterar "Qeendom" på Ingebrigt Davik-huset

Klassebesøk (2 skuletimar) - sjå eigen plan for veke10 på baksida